

## Forskningskampanjen

Forskningskampanjen har vore eit landsomfattande citizen science-, eller folkeforskningsprosjekt, der elevar frå 6 til 19 år vart inviterte til å hjelpe forskarar i eit forskningsprosjekt. Kampanjen plar finne stad under Forskningsdagane og var eit samarbeid mellom Forskningsrådet og Miljølære.

I 2019 var mikroplast tema for kampanjen. Elever fra 6A på Krohnengen skole i Bergen startet Jakten på mikroplasten sammen med forsknings- og høyere utdanningsminister Iselin Nybø og forsker Marte Haave. (Foto: Marit Møllhausen)

### Slik foregjekk forskningskampanjen

- Alle elevane gjorde dei same undersøkingane.
- Resultata vart registrerte på nett.
- Forskarar analyserte dataa og skreiv rapport.

### Sjå døme frå tidlegare kampanjer

2021: [Sjekk skulen sitt uteområde](#). Formålet var å få meir kunnskap om kvaliteten på norske skulegardar.

2020: [Finn framande artar](#). Elevane skulle finne, fotografere og registrere framande planter i skulen sitt nærmiljø. Dei samla data for å hjelpe Artsdatabanken og forskarar som jobbar med å kartlegge desse artane.

2019: [Jakta på mikroplasten](#). Kan vi finne mikroplast i skulegarden? Kor mykje finn vi rundt oss og kva er kjeldene? Samarbeid med forskningsinstituttet NORCE.

2018: [Sjekk skulematen](#). Kva består det norske skulemåltidet av? Samarbeid med Universitetet i Oslo.

2017: [Sjekk kunstgrasbanen](#). Kor stort er problemet med svinn frå kunstgrasbanar? Kor mykje gummiknottar haikar med spelarane vekk frå banen? Samarbeid med NILU, Akvaplan-niva, Havforskningsinstituttet og Sintef.

2016: [Lag eit skyatlas](#). Tusenvis av skyobservasjonar vart lasta opp saman med data om vêrtype og stad, i tillegg til kva værmeldingssymbol som passa best. Resultatet vart eit skyatlas alle kan bruke for å lære meir om dei ulike skytypene. Samarbeid med Meteorologisk institutt.

2015: [Smak deg fram](#) eit masseeksperiment. Korleis heng matval saman med sansane våre? Samarbeid med Nofima og det danske Masseeksperimentet.

2014: [Ta tempen på språket!](#) Ei undersøking av språk, dialektar og slang. Samarbeid med MultiLing senter for fleirspråkligheit ved Universitetet i Oslo.

2013: [Dafniejakten](#); kartlegging av dyreliv i vassdammar. Samarbeid med NINA.

2010: [Meitemark](#). Kartlegging av meitemarkartar i Noreg for å forbetre karta over utbreiing.

Publisert 6. mars 2019 | Oppdatert 18. jun. 2025

Last ned  | Del 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 3. juli 2025, kl. 11.37 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.